

# 1 Utkast til arbeidsprogram for perioden 2022–2026

## 2 Innleiing

3 *Stoda for nynorsk i dag er delt. I dei sterkeste områda, dei såkalla kjerneområda, er nynorsken meir  
4 brukt, og statusen til nynorsk er styrkt. Samstundes aukar presset i utkanten av kjerneområdet, dei  
5 såkalla randsonene. Her er språkskiftet stort, og nynorsk er mindre i bruk i ålmenta.*

6 Nynorsk er eit språk for heile Noreg, med eit ankerfeste i kjerneområda. Kjerneområdet er  
7 kjenneteikna av at nynorsk har ein samfunnsberande funksjon. Her er språkskiftet lågt, og nynorsk  
8 vert opplevd som det lokale språket. Eit sterkt kjerneområde styrkjer nynorsken som nasjonalSpråk.

9 Dei nynorske randsonene er prega av stort språkskifte i ungdomsskulen eller i vidaregåande skule, alt  
10 etter når nynorskelevane hamnar i mindretal. Særleg kring vestlandsbyane er desse områda òg prega  
11 av eit stort innslag av bokmål i grunnskulen. I desse områda ser folk mindre nynorsk rundt seg, og det  
12 er mindre nynorsk i lagsliv og næringsliv.

13 Store demografiske endringar i Noreg gjer at flyttestraumen går mot byane og områda rundt dei  
14 store byane som stort sett er bokmålsområde eller randsoner for nynorsken. Difor går prosenten  
15 elevar med nynorsk opplæringsmål ned, sjølv om det absolutte talet på elevar er relativt stabilt. Kring  
16 dei store vestlandsbyane aukar talet på nynorskelever somme stader, men det er òg her nynorsk er  
17 mest utsett.

18 Nedgangen i talet på nynorskelever er i stort mon eit resultat av demografiske endringar. Det er  
19 viktig å sikre befolkningsgrunnlaget i nynorskområda, og Noregs Mållag må difor stø ein politikk som  
20 sikrar at det bur folk i nynorskområda, samstundes som me sikrar nynorsk i byane.

21 Kjerneområda og nynorskbrukarane utanfor kjerneområda er gjensidig avhengige av kvarandre. Det finst  
22 nynorskbrukarar over heile Noreg, og utan dei som bruker og arbeider for meir nynorsk, vil  
23 offisielle språkrettar og statusen til nynorsk som offisielt språk vere utsette.

24 Nynorsk er ein livskraftig skrifkultur med stor tekstproduksjon og der stadig nye forfattarar kjem til.  
25 Det vert skrive meir nynorsk enn nokon gong, og motstanden mot nynorsk er mindre enn han var.  
26 Nynorsken er meir enn berre eit skriftspråk, han er òg ein kultur og ein identitet. Noreg er eit  
27 fleirspråkleg land, og nynorsk er ein sentral del av språkmangfaldet som gjer Noreg til Noreg.

28 Dei siste fire åra har me sett ei omorganisering av både den fylkeskommunale og kommunale  
29 inndelinga av Noreg. I nokre av dei nye storkommunane er situasjonen for nynorsk under press eller i  
30 beste fall usikker. Det same gjeld i dei nye samanslegne fylka. Det vert viktig å halde eit særleg auge  
31 med desse områda dei neste åra.

32 Den 1.1.2022 tredde den nye språklova i kraft. Med det har Noreg fått ei lov som seier klårt frå om at  
33 det offentlege skal ta eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det mindre brukta norske språket.  
34 Dette er eit viktig steg for å kunne få på plass dei politiske tiltaka som må til for å sikre reell  
35 jamstilling mellom bokmål og nynorsk.

36 I august 2021 sende Solberg-regjeringa ut framlegg til ny opplæringslov, som Stortinget skal vedta i  
37 arbeidsprogramperioden. Her er det viktig å få gjennomslag for dei krava til styrkte rettar for  
38 nynorskelevane som Mållaget har spelt inn.

39 Digitalisering, språkteknologi og endring i medievanar vil endre måten me både møter og bruker  
40 språk på. Å sikre at den viktige infrastrukturen i teknologien finst på nynorsk er viktig for å sikre den  
41 offisielle statusen til det nynorske språket. På dette feltet er presset frå engelsk stort. Det same gjeld  
42 i media og særleg i akademia.

43 Under koronapandemien var mykje lagsaktivitet nede, færre lag har levert årsmelding og det var  
44 vanskelegare for målfolk å treffast. Me har likevel hatt ein kraftig medlemsauke. Det vert viktig å få  
45 opp att aktiviteten i organisasjonen etter pandemien. Mållaget har hatt suksess med nye digitale  
46 møteformer, noko me skal ta med oss vidare, men det er òg viktig å møtast fysisk. Nye møteformer  
47 og arbeidsformer er komne for å bli og gje nye mogelegeheter til å nå ut til fleire.

48 **Prioriterte saker:**

49 • **Gjennomføring av språklova**

50 Gjennomføringa av føremålsparagrafen i den nye språklova er svært viktig å følge opp  
51 framover. Formuleringane i paragrafen har potensial for ein meir offensiv språkpolitikk.

52 • **Digitalisering og språktekhnologi**

53 Utviklinga av språktekhnologisk programvare, læringsverktøy, lærermiddel og anna  
54 programvare har i aukande grad innverknad på språktihøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn,  
55 vil denne utviklinga i stor grad vere styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske  
56 språksituasjonen. Politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal  
57 arbeida med språktekhnologi i Noreg, er viktig.

58 • **Ny opplæringslov**

59 Noregs Mållag fekk viktige gjennomslag i framlegget til ny opplæringslov. Særleg er språkdelt  
60 ungdomsskule ein viktig siger. Fram til den nye opplæringslova er vedteken og sett i kraft, må  
61 arbeidet for å få gjennomslag for fleire av krava våre, særleg krava til digitale lærermiddel,  
62 digitale læringsplattformer og kontorstøtteprogram, vere høgt prioritert.

63 • **Lærar- og barnehagelærarutdanningane**

64 I dag er det ulik praksis for å gje nynorskopplæring i lærarutdanningane på dei ulike  
65 utdanningsinstitusjonane. Lærarutdanninga må gjere framtidige lærarar kompetente til å  
66 undervise på og i nynorsk, og barnehagelærarutdanninga må gjere barnehagelærarane i  
67 stand til å førebu borna på å bli nynorskelevar. Staten og utdanningsinstitusjonane må ta  
68 større ansvar for å oppnå dette.

69 • **Organisasjon**

70 Noregs Mållag har auka medlemstalet med 3689 sidan 2012. Me må vere i stand til vidare  
71 auke i medlemstal og få fleire aktive medlemer og lag. Ein større og sterkare organisasjon  
72 gjer det mogeleg å sikte høgare og nå meir ambisiøse mål. Det er eit sjølvstendig mål å ha ein  
73 så sterk organisasjon som mogeleg. Det er òg viktig for å ha større politisk gjennomslag.

74  
75

76 Opplæring

77 Det er i skulen nye nynorskbrukarar kjem til og fell frå. Korleis born vert møtt som nynorskelever og  
78 møter nynorsk som sidemål, er avgjerande for om ein klarer å halde på desse borna som  
79 nynorskbrukarar livet ut. Difor er opplæringslova ei like viktig språklov som språklova. Den nye  
80 opplæringslova kjem mest truleg til å bli vedteken i denne fireårsperioden, og arbeidet med lova vert  
81 viktig å prioritere for Noregs Mållag.

82 Barnehage

83 I dag er det ikkje fastsett noko opplæringsspråk for barnehagane. Det tyder at born som skal ta til  
84 med nynorsk på skulen, i praksis kan gå gjennom barnehagen utan å møte nynorsk i det heile. Noregs  
85 Mållag meiner at barnehagen må førebu borna i nynorskområda til å bli nynorskelever, og at alle  
86 born skal møte nynorsk og den lokale dialekten, uansett kvar dei bur i Noreg

87 Noregs Mållag meiner:

- 88 • Barnehageborn må få språklege rettar slik skuleelevar har.
- 89 • Rammeplanen for barnehagelærarutdanninga må stille krav til at barnehagelærarane skal  
90 kunne førebu borna på å bli nynorskelever, og at alle skal møte nynorsk og den lokale  
91 dialekten, uansett kvar dei bur i Noreg.
- 92 • Barnehageborn skal møte nynorsk gjennom språkstimuleringsmateriell, litteratur, leik og  
93 song.
- 94 • Dei kommersielle barnehagekjedene må ta språkleg ansvar.
- 95 • Mållaget sentralt skal arbeide saman med lokale mållag for lokale rammeplanar som seier  
96 noko om korleis ungane skal møte nynorsk.

97 Skule

98 Noregs Mållag fekk viktige gjennomslag i framlegg til ny opplæringslov. Særleg er språkdelt  
99 ungdomsskule ein viktig siger. Fram til den nye opplæringslova er vedteken og sett i kraft, må  
100 arbeidet for å få gjennomslag for fleire av krava våre, særleg krava til digitale læremiddel, digitale  
101 læringsplattformer og kontorstøtteprogram, vere høgt prioritert.

102 Noregs Mållag meiner:

- 103 • Nynorskelever og bokmålselever må gå i ulike grupper heile grunnskulen. Språkblanding i  
104 småstega må sjåast i samanheng med ungdomsskulen. Klassane må få tilstrekkelege midlar  
105 til å gjennomføre språkdeling.
- 106 • Det skal vere eigen karakter i sidemål gjennom heile ungdomsskulen og vidaregåande skule.  
107 Eksamens i sidemål skal vere obligatorisk.
- 108 • Ordninga med rådgjevande skolemålsrøystingar skal vidareførast.
- 109 • Retten foreldre har til å be om bokmålsbøker til nynorskelevane i andre fag enn norsk, må  
110 opphevast.
- 111 • Språkdelte bøker i norskfaget skal ikkje ha overvekt av bokmål. Ei eventuell skeivfordeling må  
112 vere i favør av nynorsk.

- Det må setjast inn tiltak for å hindre språkskifte frå nynorsk til bokmål i ungdomsskulen og vidaregåande. Elevar med nynorsk som hovudmål i vidaregåande skule skal få ekstra konkurransepeng.
- Dei største byane må ha tilbod om nynorskklassar.
- Opplæringsspråket i skulen skal vere norsk, og det ikkje må opnast for forsøk med anna opplæringsspråk enn norsk.
- Statsforvaltaren eller Språkrådet må føre tilsyn med at dei språklege rettane til nynorskelevane etter opplæringslova ikkje vert brotne.
- Sentrallekken må ha eit ekstra oppsyn med skulemålet i randsonene.
- Arbeidet for å vinne skulemålsrøytingar skal vere høgt prioritert.
- Det skal setjast i gang fleire positive sidemålsforsøk på nynorsk.
- Nynorskelevar skal ikkje misse språket sitt når skular vert lagde ned.
- Sidemålsundervisninga må byrje tidlegare og bli betre.
- Skuleeigarane må ta ansvar for å tilsetje lærarar som kan undervise i og på nynorsk.

## Lærermiddel

I 2024 er det 50 år sidan det vart lovfesta at alle lærebøker og lærermiddel i andre fag enn norsk skal ligge føre på begge målformer til same tid og til same pris. Det er framleis slik at nynorskelevane ofte får lærermidla sine seinare enn bokmålselevane. Med inntoget av digitale lærermiddel har dette forverra seg, og mange digitale lærermiddel som vert brukte i skulen, finst berre på bokmål.

Noregs Mållag meiner:

- Digitale lærermiddel og læringsplattformer på nynorsk er ei av dei viktigaste sakene Noregs Mållag skal arbeide med i arbeidsprogramperioden.
- Definisjonen av kva eit lærermittel er i opplæringslova, må femne om meir, slik at skuleeigar ikkje kan fylle skulekvardagen til nynorskelevane med digitale lærermiddel på bokmål.
- Skuleeigar må ta ansvar for å kjøpe inn og bruke digitale verktøy som finst på nynorsk. Skuleeigar må òg sikre at nynorskversjonen vert brukt. Hovudmålet til eleven skal vere standardinnstilling på alle digitale lærermiddel og læringsverktøy.

## Lærarutdanningane

I dag er det ulik praksis for å gje nynorskoplæring i lærarutdanningane på dei ulike utdanningsinstitusjonane. Etterutdanningstilboden i nynorsk er òg for dårlig. I det heile finst det ikkje eit system for å sikre at lærarutdanninga gjer framtidige lærarar kompetente til å undervise på og i nynorsk som hovudmål. Det er viktig at alle lærarar, også dei som underviser i andre fag enn norsk, kan bruke nynorsk som undervisningsspråk

For lærarutdanningane vil Noregs Mållag:

- 149 • Norsk skal vere obligatorisk fag også på grunnskulelærarutdanninga for 5.–10. klasse.  
150 Lærarstudentar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i den vidaregåande skulen, skal  
151 ikkje få fritak i lærarutdanninga.
- 152 • Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i både  
153 nynorsk og bokmål.
- 154 • Det må stillast krav til kva skriftleg dugleik studentane skal gå ut av utdanninga med, og  
155 nynorskkompetansen må kome fram på vitnemålet.
- 156 • Lærar- og lektorstudentane som skal undervise i norsk, må få opplæring i nynorskdidaktikk.
- 157 • Studentane skal gå ut av lærarutdanninga med gode haldningar til nynorsk.

#### 158 Nynorsk for vaksne innvandrarar

159 Alle nynorskkommunar skal ha nynorskundervisning for vaksne innvandrarar. At dei vaksne får  
160 opplæring på det same språket som ungane i ein kommune og på same språk som all kommunal  
161 informasjon vert formidla på, er ein føresetnad for å kunne bli ein del av det lokalsamfunnet ein er  
162 bur i.

#### 163 Noregs Mållag meiner:

- 164 • Val av undervisningsspråk skal vere under politisk kontroll.
- 165 • Opplæringa i nynorskkommunane skal vere på nynorsk.
- 166 • Læremiddel for vaksne innvandrarar må inn under opplæringslova, og dei må kome på same  
167 tid og til same pris på bokmål og nynorsk.
- 168 • Arbeidsinnvandrarar må ha rett til norskundervisning.

#### 169 Høgare utdanning og forsking

170 Norsk språk er under press i akademia, og med det også nynorsk. Engelsk er meir og meir brukt både  
171 i pensumlitteratur, i undervisning og i vitskaplege arbeid. Det er viktig at norsk fagspråk vert utvikla  
172 og brukt i høgare utdanning, men òg at studentane møter nynorsk i studiekvarden og har høve til å  
173 bruke nynorsk på eksamen og i andre innleveringer. Då må retten til eksamen på nynorsk styrkjast.

#### 174 Noregs Mållag meiner:

- 175 • Høgare utdanning må ta større ansvar for å ta vare på og vidareutvikle norsk fagspråk.  
176 Universitets- og høgskulesektoren må ha språkstrategiar for fremje norsk og særleg nynorsk  
177 på sine institusjonar, både som fagspråk og som administrasjonsspråk.
- 178 • Universitets- og høgskulesektoren må bli målt på språkpraksis, og det må vere eit tema i  
179 styringsdialogen med departementet.
- 180 • Universitet og høgskular må stille krav til at utanlandske forskarar som blir tilsette, skal lære  
181 seg norsk innan ei viss tid, slik at dei kan undervise og formidle på norsk.
- 182 • Det må finnast lærebøker og pensum på nynorsk, særleg i dei store faga med mange  
183 studentar.
- 184 • Det skal løne seg å publisere på nynorsk for universitets- og høgskulesektoren.

- 185     • Finansieringssystemet i høgare utdanning må premiere formidling til ålmenta og utgjeving av  
186       lærebøker på norsk, særleg nynorsk.  
187     • Kunnskapsutvikling og forsking på nynorskfeltet er viktig for Noregs Mållag, og sentrallekken  
188       skal formidle dette vidare i organisasjonen.  
189     • Studentmållaga er særleg viktige samarbeidspartnarar for Noregs Mållag i spørsmål om  
190       høgare utdanning.

191

192     Studentrettar:

193     Noregs Mållag meiner:

- 194     • Retten til eksamen på nynorsk må styrkast, og utvidast til å gjelde på private institusjonar.  
195     • Retten skal utvidast til å omfatte oppgåveteksten i obligatoriske arbeidskrav.  
196     • Studentane skal møte pensum på norsk, og ein del av pensumet skal vere på nynorsk.

197

## 198     Kultur- og mediefeltet

199

200     Kringkasting

201     NRK står heilt i ei særstilling med tanke på bruk av nynorsk i kringkasting og på nett for riksdekkjande  
202       medium. NRK og TV2 er allmennkringkastarar, og difor er det viktig at både NRK og TV2 brukar meir  
203       nynorsk.

204     Noregs Mållag meiner:

- 205     • Måten NRK måler nynorskbruken sin på, må endrast, slik at han syner meir reell fordeling  
206       mellan nynorsk og bokmål. Statistikken bør vere mest mogeleg differensiert, og bør måle  
207       bruk på alle flater og i sosiale medium.  
208     • Det må vere tydelege krav til nynorskbruk både skriftleg og munnleg i TV2.  
209     • NRK Nynorsk mediesenter i Førde må sikrast gode vilkår.  
210     • NRK skal sikre at nynorsk vert brukt av alle distriktskontor, og at distriktskontora i  
211       nynorskområda bør ha eit særleg ansvar for å bruke nynorsk .  
212     • Det er ekstra viktig at NRK Super innfrir nynorskprosenten og presenterer eit breitt spekter  
213       av dialektar i tillegg til nynorsk normaltalemål.  
214     • Kravet om at minst 40 prosent av musikken som vert spelt på NRK skal vere norsk, må  
215       haldast oppe.  
216     • Det er viktig å halde på kravet om nynorsk normert tale i nyhendesendingar på NRK.

217

## 218     Digitale medium

219     Dei fleste digitale medium er i dag drivne og utvikla av store internasjonale firma som i varierande  
220       grad tek språkleg ansvar. Folk må få møte nynorsk i desse kanalane.

221     Noregs Mållag meiner:

- 222 • Støtteordningane frå staten til å utvikle dataspel må stille språkkrav og sikre at det kjem  
223 dataspel med nynorsk tekst og tale.
- 224 • Dei internasjonale aktørane må bidra til meir norsk språk i strøymetenestene, både i tale og  
225 tekst.
- 226 • Norske styresmakter må krevje at internasjonale selskap sikrar nynorskversjonar av dei  
227 digitale plattformene.
- 228 • Wikipedia og Facebook har ein hatt stor suksess med dugnadsarbeid for å få til ein  
229 nynorskversjon. Dette er eit område som er eigna for kampanjeverksemd og lokale  
230 dugnader.

231 Pressa

232 Språket i pressa er viktig for at nynorsk skal vere synleg i ålmenta. Fleire riksaviser har opna for  
233 nynorsk på redaksjonell plass. Nynorsken finn me i størst grad i dei riksdekkjande meiningsberande  
234 avisene og i regions- og lokalavisene. Særleg den rike lokalavisfloraen i Noreg er viktig for å halde opp  
235 statusen og bruken av nynorsk.

236 Noregs Mållag meiner:

- 237 • Det må bli meir nynorsk i riksavisene, og alle riksavisene bør opne for nynorsk på redaksjonell  
238 plass.
- 239 • Det må vere gode vilkår for dei mange nynorske lokalavisene, for dei nynorske riksmedia Dag  
240 og Tid, Framtida.no og Nynorsk Pressekontor og for dei meiningsberande avisene.
- 241 • Nynorsk avissenter i Førde er ein viktig aktør for å sikre tilgangen til gode nynorskjournalistar,  
242 og dei må ha gode vilkår.
- 243 • Journalistutdanningane må sikre kompetanse om nynorskjournalistikk og utdanne  
244 journalistar som kan skrive nynorsk.

245 Litteratur og bibliotek

246 Den nynorske litteraturen er stor og rik, og det kjem stadig til nye gode nynorske forfattarar. Dette er  
247 eit teikn på ein livskraftig skriftkultur. Det er viktig at breidda i denne er tilgjengeleg i heile Noreg.

248 Noregs Mållag meiner:

- 249 • Det er viktig å sikre Samlaget si løying over statsbudsjettet, gode tilskotsordningar for  
250 nynorsk litteratur i andre forlag og gode stipend for nynorske forfattarar.
- 251 • Ein må hindre at bokhandlarbransjen ekskluderer nynorskbøker. Det skal vere lett  
252 tilgjengeleg nynorsk litteratur særleg i dei nynorske kjerneområda.
- 253 • Det må vere eit breitt utval av nynorske lydbøker.
- 254 • Den kulturelle skulesekken skal formidle eit rikt utval av nynorsk kultur til barn og unge.
- 255 • Omsett barne- og ungdomslitteratur til nynorsk og samisk må kome inn under  
256 innkjøpsordninga.
- 257 • Biblioteka har eit særleg ansvar for å formidle nynorsk litteratur, og det må tematiserast i  
258 bibliotekarutdanninga.

- 259     • Biblioteka og innkjøpsordninga er viktige for tilgangen på nynorsk litteratur i heile landet.  
260         Endringar i kommunestrukturen må ikkje føre til eit dårlegare bibliotektilbod.  
261     • Skuleelevar må ha tilgang til gode skulebibliotek.  
262     • Røynslene frå Nynorske pilotbibliotek vil vere viktige å hauste og sjå om kan overførast til  
263         lokal- og fylkeslag, og bibliotekutdanninga.

264     Teater og film

265     Teater og film er viktige for å spegle det norske mangfaldet, også språkleg. Det Norske Teatret er det  
266         viktigaste teateret i Noreg, og det bør statsstønaden spegle.

267     Noregs Mållag meiner:

- 268     • Det Norske Teatret skal ha same løyving over statsbudsjettet som Nationaltheatret.  
269     • Det er viktig å stø opp om dei regionale teatera som speler på nynorsk og å fremje nyskriven  
270         nynorsk dramatikk.  
271     • Det må haldast opp gode stønadsordningar for filmproduksjon som speglar det norske  
272         språkmangfaldet.  
273     • Dei regionale filmsentera må haldast oppe for å sikre geografisk og språkleg spreiing i  
274         filmproduksjonen.  
275     • Kinofilmar må få nynorsk teksting.

276

277     Samfunnsliv

278     Det vert meir engelsk både i næringsliv og arbeidsliv. Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det  
279         skal vere lettare å bruke nynorsk. Der nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det  
280         viktig at lagsliv, næringsliv, trudomssamfunn og partane i arbeidslivet nyttar nynorsk systematisk.

281     Næringsliv og arbeidslivet

282     Noregs Mållag skal:

- 283
- 284     • ha kontakt med både arbeidsgjever- og arbeidstakarsida for å fremje nynorsk i arbeidslivet  
285     • stø arbeidet lokallaga gjer for meir nynorsk i det lokale næringslivet  
286     • dele ut Nynorsk næringslivspris  
287     • vidareføre og utvikle #nynorskverksemd-kampanjen saman med lokallaga  
288     • arbeide for at destinasjonsselskapa i nynorskområde skal bruke nynorsk  
289     • arbeide for meir nynorsk næringsliv. Dei store kjøpesentera, butikkjedene og  
290         landbruksvirka er særleg viktige

291

292     Friviljuge organisasjonar

293     Noregs Mållag meiner:

- 294     • Det er særleg viktig at lag og organisasjonar som arbeider med barn og unge, nyttar nynorsk.

- 295     • Turistforeininga er ei stor og viktig foreining som me må arbeide særskilt med for å få dei til å  
296       bruke meir nynorsk.  
297     • Når friviljuge organisasjonar driv kampanjar over heile Noreg, bør me krevje at dei lagar  
298       materiell på nynorsk.  
299     • Frivillighet Norge er ein særleg viktig organisasjon å samarbeide med for å få lag og  
300       organisasjonar til å bruke meir nynorsk.

301

302   Religion og livssyn

303   Trudoms- og livssynssamfunn som får statsstøtte, skal møte eit krav om å gje born og unge i  
304       nynorskområde nynorsk trusopplæringsmateriell.

305   Samarbeid med andre språkgrupper i Noreg

306   Noregs Mållag bør samarbeide med organisasjonar for samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og  
307       norsk teiknspråk i relevante saker.

308

309   Det offentlege Noreg

310   Staten har ansvar for å ta vare på og halde oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det  
311       tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er den nye språklova. Den nye språklova slår fast at det  
312       offentlege Noreg har eit særleg ansvar for å fremje det minst brukta språket nynorsk. Gjennomføringa  
313       av den nye språklova vert svært viktig å følgje. Særleg må me halde auge med korleis  
314       fylkeskommunane vil følgje opp dei nye pliktene dei har fått etter lova.

315   Nynorskkommunane er svært viktige for å halde det nynorske skriftspråket oppe og å hegne om det.  
316   Kommunane er store skriftspråkprodusentar og utgjer ei viktig motvekt til det dominerande  
317       bokmålet.

318

319   Oppfølging av språklova:

320   Gjennomføringa av føremålsparagrafen i den nye språklova er svært viktig å følgje med på framover.  
321   Formuleringane i paragrafen har potensial for ein meir offensiv språkpolitikk.

322   Noregs Mållag har tre overordna mål for perioden for den nye språklova:

- 323     1. Føremålsparagrafen må gjerast til røyndom og godt kjent for stat, kommunar og  
324       fylkeskommunar. Denne oppgåva er særleg viktig andsynes opplæringssektoren.
- 325     2. Lova må følgjast opp for dei som har plikter, mellom anna ved språkplanar.
- 326     3. Me må arbeide for styrke språklova, særleg kravet om at kvar tilsett i staten skal meistre  
327       nynorsk og retten for språkorganisasjonar til å klage. Det må vere sanksjonar for brot på  
328       den nye språklova.

329

330 Kommune, fylkeskommune og stat

331

332 Noregs Mållag meiner:

- 333 • Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål bør grunnlovsfestast
- 334 • Både statlege organ, fylkeskommunar og kommunar må ha språkbruksplanar for å sikre og fremje bruk av nynorsk.
- 335 • Departement og statlege organ må prioritere å få opp nynorskkompetansen blant eigne tilsette framfor å bruke nynorske omsetjingsbyrå eller -program.
- 336 • Språkrådet må føre tilsyn og kontroll med at kommunar og fylkeskommunar gjer det dei skal etter språklova.
- 337 • Det må vere klare krav til språk i dei nasjonale standardane for digitale tenester.
- 338 • Det må utarbeidast standardar for språkkrav i anbod der det er relevant.
- 339 • Den fylkeskommunale språkpolitikken må følgjast opp særskilt.
- 340 • Dei nyss samanslegne kommunane, der stoda for nynorsk er usikker, må følgjast opp særskilt.
- 341 • Minst 25 % av lover og forskrifter skal vere på nynorsk
- 342 • Ny forvaltingslov skal kome i parallelle versjonar på nynorsk og bokmål, på same måte som Grunnlova.
- 343 • Språkrådet må styrkast.
- 344 • 25 % av talane frå kongefamilien bør vere på nynorsk.
- 345

350

351 Språkteknologi

352 Utviklinga av språkteknologisk programvare som automatisk omsetjing, taleattkjennning og liknande har i aukande grad innverknad på språktihøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn, vil denne utviklinga i stor grad vere styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske språksituasjonen. Politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeide med språkteknologi i Noreg, er viktig.

353 Noregs Mållag meiner:

- 354 • Staten må ta ansvar for at tilgjengeleg språkteknoologi vert like breitt utvikla for nynorsk som for bokmål.
- 355 • Noreg må få taleattkjenningsTeknologi som forstår nynorsk og norske dialektar og talesyntese både på nynorsk og bokmål.
- 356 • Kvalitetssikra maskinomsetjing på nynorsk er viktig, og omsetjingsprogram må inkludere heile breidda i den nynorske rettskrivinga. Maskinomsetjing må brukast for å gjere nynorsk meir tilgjengeleg og ikkje for å lempe på kompetansekrav.
- 357 • Arbeidet med nynorsk terminologi i det offentlege må styrkast slik at språkteknoologi kan fungere på nynorsk i alle sektorar.
- 358 • Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og språksamlingane i ved universitetet i Bergen må ha gode vilkår, og materialet deira må vere tilgjengeleg for forskrarar og utviklarar av språkteknoologi.
- 359

370

371 Organisasjon:

372 Noregs Mållag har auka medlemstalet med 3689 sidan 2012. Me må vere i stand til vidare auke i  
373 medlemstal og få fleire aktive medlemer og lag. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogeleg  
374 å sikte høgare og nå meir ambisiøse mål. Det er eit sjølvstendig mål å ha ein så sterk organisasjon  
375 som mogeleg. Det er òg viktig for å ha større politisk gjennomslag.

376 Noregs Mållag skal arbeide for:

- 377 • Noregs Mållag skal jobbe for vekst i medlemstalet kvart år og halde på medlemene som  
378 melder seg inn.
- 379 • Det må vere eit mål å engasjere og få alle dei nye medlemene til å bli aktive i organisasjonen.
- 380 • Snittalder for medlemene går nedover, og det er eit mål å få fleire yngre medlemer inn i  
381 styreverv i lokal- og fylkeslag.
- 382 • Lokal- og fylkeslaga burde ha ein meir aktiv posisjon i den lokale måldebatten, særleg  
383 andsynes kommunar og skule.
- 384 • Fleire av laga våre bør vere i stand til å vere lokale vaktbikkjer. Sentrallekken bør gje dei  
385 støtte, skulering og dele informasjon.
- 386 • Det er viktig å stø lokal- og fylkeslaga med å påverke program og kandidatar før lokalvala i  
387 2023, og heile organisasjonen må arbeide mot stortingsvalet i 2025.
- 388 • Sentrallekken skal legge til rette for ideutveksling mellom lokal- og fylkeslaga.
- 389 • Sentrallekken skal tilby digitale kurs for lokal- og fylkeslag og medlemer gjennom året.
- 390 • Sentrallekken skal legge til rette for samarbeid om felles mål og saker, mellom NMU lokalt  
391 og lokallaga i Noregs Mållag.
- 392 • Sentrallekken skal prioritere å stø dei laga som treng det mest, i område som er viktige for  
393 nynorsk.
- 394 • Det er viktig at sentrallekken samarbeider med yrkesmållaga der det er relevant.
- 395 • Sentrallekken skal lage eit årshjul for lokallaga.
- 396 • Landssamanslutninga av nynorskkommunar er ein særleg viktig samarbeidspartner.
- 397 • Det må verte lettare for lokallaga å nå medlemene sine.
- 398 • Me skal jobbe for å kome i eige hus.
- 399 • Norsk Tidend er medlemsavisa for Noregs Mållag og skal kome ut jamleg.

400

401 Dialekt

402 Fleire stader er dialektane under sterkt press. Mange av lokallaga i NM driv viktig dialekt- og  
403 stadnamnarbeid. Det er viktig å dele gode døme på målarbeid mellom laga våre i ein ressursbank  
404 eller liknande, og sentrallekken skal legge til rette for det.

405 Tilstkipingar

406 Å finne ein god balanse mellom digitale og fysiske samlingar er viktig framover. Dei digitale seminara  
407 har vore vellukka og er komne for å bli.

- 408     ● Sentrallekken skal kvart år skipe ei samling for unge vaksne.  
409     ● Alle nyvalde leiarar skal få tilbod om skulering frå sentrallekken.  
410     ● Det skal skipast minst eitt fysisk nasjonalt seminar kvart år.  
411     ● Alle fylkeslaga skal vitjast. Den nye digitale røyndomen gjer at me skal vitje fleire  
412       lokallagsårsmøte digitalt.  
413     ● Noregs Mållag skal ha nynorskstafett kvar haust.

414

415 Norsk Målungdom:

416 Noregs Mållag skal samarbeide tett med Norsk Målungdom. Organisasjonane skal halde kvarandre  
417 oppdaterte om kva dei arbeider med, og om aktuelle saker som høyringar og røystingar. Dei skal ha  
418 god kontakt og fordele saker mellom kvarandre. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal  
419 samarbeide om politisk påverknad, der Norsk Målungdom har hovudansvaret for ungdomspartia.  
420 Organisasjonane skal saman finne betre måtar å overføre medlemer til Noregs Mållag på når dei  
421 rundar 30, og halde fram samarbeidet om å overføre unge medlemer til Norsk Målungdom.

422 Noregs Mållag skal markere desse jubilea:

- 423     ● Vedtaket om rett til lærebøker på begge målformer (i lov om vidaregåande opplæring) vart  
424       gjort i Odelstinget 20. mai 1974 og har såleis 50-årsjubileum i mai 2024  
425     ● Utkastet til Nynorsk Salmebok var ferdig i 1925, og har såleis 100- jubileum i 2025.  
426     ● Vedtaket om å endre namn frå Kristiania til Oslo var gjeldande frå 1.1. 1924, Vedtaket har  
427       såleis 100-årsjubileum i 2024.